

Vurdering av tidsbruk av innsamla materiale til bygdebok for Alversund sokn.

Det er ikkje lett å vurdera kor mange årsverk som er brukt på å samla inn det materialet som kan leggjast til grunn for ei gards- og ættesoge for Alversund sokn. Det einaste eg kan prøva, er å samanlikna med eit tidlegare prosjekt eg sjølv har arbeidt med, Naustdal bygdebok.

Gards- og ættesogedelen i Naustdal vart gjeven ut i to band. Totalt gjekk det med 6 årsverk frå arbeidet byrja til siste boka var ferdig. Av dette kan det påreknast at ca. 5 årsverk gjekk med til å samla inn opplysningar.

Folketalet kan gje eit visst samanlikningsgrunnlag om ein skal prøva å sjå Alversund sokn i høve til Naustdal. Ut frå folketeljingane ser ein at i 1930 utgjorde Alversund ca. 40 % av folketalet i Naustdal. I 1970 var folketalet i Alversund ca. 85 % av Naustdal.

Arbeidet med ættesogene vil alltid krevja mest tid i eit slikt prosjekt. Ut frå folketalet kan ein kanskje anslå at tidsbruken med å samla inn materialet til bygdeboka for Alversund kan tilsvara ca. 3 årsverk.

Eit par moment tilseier at dette kanskje bør reduserast ein del. Dersom ein ser på talet på matrikelgardar, ser ein at det i Alversund er knapt 20 matrikelgardar, i Naustdal ca. 90. Dessutan er gards- og ættesoga for Alversund meint å femna tida etter 1814, altså ein noko kortare periode om ein samanliknar med Naustdal. Endeleg tilseier røynsle at eldre innsamla krev ein del kontroll og sjekk, noko som er med og reduserer verdien av materialet.

Desse momenta vil eg tru kortar ned den totale tidsbruken med kanskje så mykje som 1 årsverk. Mitt beste anslag vil då vera at arbeidet med det til no innsamla materialet til bygdeboka for Alversund sokn tilsvarer om lag 2 årsverk.

Kleiveland den 25.09.2015.



Geir Kleiveland

Kleiveland
5281 Valestrandsfossen.
geir@kleiveland.as
Telefon 97 76 96 36.